



Helge Rød As
Hansdalsvegen 3
5281 VALESTRANDSFOSSEN

Referanser:
Dykkar:
Vår: 21/3011 - 23/2685

Saksbehandlar:
Therese Lyngbo Iversen
therese.lyngbo.iversen@osteroy.kommune.no

Dato:
03.02.2023

141/3 Burkeland - Søknad om omdisponering og deling av jordbrukseigedom - Melding om vedtak

Tiltak: Frådeling av bustadtomt
Eigedom: Gbnr: 141/3 Burkeland
Tiltakshavar: Rune Århus

Kommunen syner til søknad motteken 07.03.2022. Søknaden er no handsama i plan- og kommunalteknisk utval i møte av 25.01.2023 saksnr. 006/23 og det er gjort vedtak i saka:

**"Klagen vert teke til følge.
det vert gjeve løyve som omsøkt.**

Arealet som er søkt frådelt, gjeld eit område kring det gamle gardshuset. Mot aust er det ei relativt bratt stigning og grense mot nabobruket går nokså tett innpå her. i løyvet som er påklaga, vart det ståande att ei stripe langs nabogrensa slik at dette ville gje ei dårleg arrondering for avgjevarbruket. på vestsida er det også ei meir fornuftig løysing å gje løyve til som omsøkt.

Arealet som er omsøkt frådelt er skrint/jorddekt og bratt. store deler av arealet er allereie opparbeidd areal anten som veg, eller bygg."

Sjå vedlagd utskrift frå møteboka – sakspapir.

De vert med dette gjort kjend med vedtaket.

Klage

Vedtaket er eit enkeltvedtak etter reglane i lov om offentleg forvaltning (fvl). Vedtaket kan klagast på til kommunen, jf. fvl. §§ 28-36. Klagefristen er 3 veker frå melding om vedtak er motteke. Det er nok at klagen er postlagt innan fristen går ut. Klagen skal sendast skriftleg til kommunen. I klagen skal det gå fram kva det vert klaga på i vedtaket, og kva endringar ein ønskjer. Klagen skal grunnjevast. Førretak som har fått avslag på søknad om ansvarsrett har særskilt rett til å klage over dette vedtaket. Før det kan reisast søksmål om vedtaket er gyldig eller krav om erstatning, må høve til å klage på vedtaket vere nytta fullt ut, jf. fvl. § 27b. Det er høve til å be om utsett iverksetjing, jf. forvaltningslova § 42, 1. ledd. Part har rett til å sjå dokumenta i saka, jf. forvaltningslova § 27, 3. ledd, jf. §§ 18 og 19.

Med helsing

Ingvild Hjelmtveit
rådmann

Therese Lyngbo Iversen
rådgjevar

Brevet er godkjent elektronisk og har derfor inga underskrift.

Vedlegg:

Gbnr 141/3 - Burkeland - Søknad om dispensasjon til deling og omdisponering etter jordlova

Kopi til:

Vegard Hoel Århus	Loftåsvegen 95	5281	VALESTRANDSFOSEN
-------------------	----------------	------	------------------

Mottakar:

Helge Rød As	Hansdalsvegen 3	5281	VALESTRANDSFOSEN
Rune Århus	Burkelandsvegen 84	5281	Valestrandsfossen